

---

Saksnr: 2020/76074-1  
Saksbehandlar: Birthe Andersen Haugen

---

### Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for opplæring og kompetanse		25.11.2020
Fylkesutvalet		10.12.2020
Fylkestinget		15.12.2021

### Open skule prinsippet ved dei vidaregåande skulane

#### Forslag til innstilling

Det vert innført open skule prinsipp der elevane har tilgang til eit avgrensa areal. Ordninga vert fasa inn med inntil 10 skular pr. år.

#### Samandrag

Fylkestinget fatta i sak PS-14/20 Budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023, verbalpunkt 19 følgjande vedtak:

«Nye vidaregåande skular skal følge open skule-prinsippet, slik som t.d. ved Amalie Skram VGS. Elevar skal kunne nytte skulane etter skuletid ved bruk av adgangskort e.l. Fylkestinget ber rådmannen utarbeide sak om korleis dette kan gjennomførast på alle dei vidaregåande skulane.»

Fylkesrådmannen har vurdert moglegheita og tilrår at eit open skule prinsipp der elevane har tilgang til eit avgrensa areal, vert innført gradvis ved inntil 10 skular pr. år.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bjørn Lyngedal  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Fylkestinget fatta i sak PS-14/20 Budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023, verbalpunkt 19 følgjande vedtak:

«Nye vidaregåande skular skal følge open skule-prinsippet, slik som t.d. ved Amalie Skram VGS. Elevar skal kunne nytte skulane etter skuletid ved bruk av adgangskort e.l. Fylkestinget ber rådmannen utarbeide sak om korleis dette kan gjennomførast på alle dei vidaregåande skulane.»

I RS-sak 40/20 Kartlegging av open skule prinsippet ved dei vidaregåande skulane vart fylkesutvalet orientert om at fylkesrådmannen hadde gjennomført ei undersøking om kva som er praksis ved skulane i dag. Undersøkinga viste at det ligg ulike oppfatningar i ordninga med omsyn kva dei vidaregåande skulane legg i open skule.

I hovudsak oppfattast det anten som at

1. Elevane har tilgang til skulen utanom ordinær skuletid, der elevane sjølve kan låse seg inn med sitt eige nøkkelkort/nøkkel.  
eller
2. Elevane har tilgang til skulen utanom ordinær skuletid, og skulen har personell til stades og har tilbod om aktivitetar for elevane. Til dømes tilbod om leksehjelp, matservering og anna. Tilgangen er då avgrensa til tidspunkta det er aktivitetar på.

Fylkesrådmannen legg til grunn at det er ordning 1 der elevane har tilgang til skulen utanom ordinær skuletid og elevane sjølve kan låse seg inn med sitt eige nøkkelkort/nøkkel, som er ønskt i verbalpunkt 19.

Ved nye skular som Amalie Skram vgs og Åsane vgs har ein innført open skule prinsippet. Ved programmering og prosjektering av desse skulebygga har dette prinsippet vore lagt til grunn. Det same gjeld for andre nyare skulebygg t.d. Voss vgs og Voss gymnas. I framtida vil open skule prinsippet verte lagt til grunn ved prosjektering og programmering.

I praksis betyr open skule prinsippet at elevane har tilgang til definerte soner på skulane utanfor skulen si ordinære opningstid. Elevane har kort som gir tilgang til definerte soner i skuletida og opne soner etter skuletid.

Årsaka til at tilgangen er avgrensa, er at det ved dei vidaregåande skulane i dag er mykje kostbart teknisk utstyr mellom anna i klasserom, auditorium, laboratorium og verkstader. Mykje av utstyret spesielt i verkstader og på laboratorium, krev at det er kvalifisert personale til stades for bruk og tilgang.

### Open skule prinsippet ved nokre vidaregåande skular.

Amalie Skram vgs er i same bygg som AdO-arena. AdO-arena sine areal ligg i første etasje saman med skulen sitt kroppsøvingsareal. I andre etasje er det opent areal, kantine og skuleadministrasjon.

Det opne arealet og kantina er opent for publikum. Resten av etasjane er det skulen som disponerer, og her må ein har tilgangskort for å kome inn. I skuletida har elevane tilgang til definerte soner.

Etter ordinær skuletid har elevane tilgang til biblioteket og nokre rom i same etasje. Tilgangen er tidsavgrensa til kl. 22.00.

Åsane vgs er ein del at eit sambruksbygg. Her er vidaregåande skule, rettleiingsteneste, kulturhus, kulturskule, bibliotek og tannhelseteneste samla i eit bygg. Bygget har ein felles ekspedisjon i inngangspartiet. Det er eit stort opent kantine- og kaféareal som er betent fram til kl. 19.00 på kvardagar og kl. 16.30 på laurdagar.

Biblioteket skal vere eit «meiropent» bibliotek, der publikum etter kvart skal få tilgang til biblioteket utanom bemanna opningstid. Meiropningstida er frå kl. 07.00 til kl. 22.00 kvar dag. Kulturhuset er bemanna med ein person som har drifts- og brannansvar.

Etter skuletid har elevane tilgang til opne soner, dvs. fellesareal og grupperom mot fellesareal og på sikt også biblioteket.

Ved Firda vgs har dei praktisert open skule prinsippet i mange år. Her har elevane høve til å låse seg inn etter ordinær opningstid.

Eid vgs/Operahuset Nordfjord har utvida opningstider på t.d. fellesareal i sambruk med kommunane.

### **Mogeleg løysing for dei eksisterande vidaregåande skulane**

Mange av dei eksisterande vidaregåande skulane er bygd etter andre prinsipp enn Amalie Skram vgs og Åsane vgs. Analyser syner at innføring av eit fullstendig opent skuleprinsipp vil vere svært ressurskrevjande. Ei slik ordning vil truleg krevje at det er tilsynsvakt ved skulane. Dersom ein legg til grunn at skulane skal vere opne frå kl. 16.00 - kl. 22.00 på kvardagane og opne i helgene, vil det krevje om lag 1,5 årsverk som tilsynsvakt ved kvar skule. Dersom ein reknar med kveldstillegg og helgetillegg, vil det ha ein årskostnad på om lag mellom 0,8 og 1 mill. kr. pr. skule.

Dersom ein legg til grunn at elevane skal ha tilgang til eit avgrensa areal t.d. bibliotek eller anna eigna areal i nærleiken av inngangen til skulen, vil det vere mogeleg å etablere opne soner relativt greitt ved dei fleste skulane. Eigedom vil saman med den einskilde skule finne dei områda som er best eigna for føremålet. Basert på erfaringar frå Amalie Skram vgs kan ei slik løysing etablerast utan tilsynsvakt.

Løysinga vil likevel krevje at det vert gjort nokre tilpassingar i skulebygga for å avgrense det opne arealet. Det må etablerast system for tilgangskontroll til dei opne sonene. I tillegg vil det ved nokre skular vere behov for å setje opp fysiske sperrer. Eigdomsavdelinga har kostberekna dette til 5 mill.kr. Fylkesrådmannen rår til at eit open skule prinsipp etter denne ordninga vert innført gradvis ved inntil 10 skular pr. år. Det vil då vere rom for å ta etableringskostnaden innafor dei ordinære ombyggingssidlane som er sett av til opplæringssektoren.

Innføring av open skule prinsipp vil krevje at skulane etablerer rutinar for tilgang til opne sonar. Ein føresetnad for å ha ei ordning utan tilsynsvakt er at elevane får opplæring i brannvern før dei kan nytte dei opne sonene etter skuletid.

### **Vedtakskompetanse**

Det er fylkestinget som har vedtakskompetanse.

### **Vurderingar og verknader**

Økonomi: Innføring av avgrensa open skule prinsipp vil krevje at det vert gjort nokre tilpassingar i ein del av skulebygga for å avgrense det opne arealet. Det må etablerast system for tilgangskontroll til dei opne sonene. I tillegg vil det ved nokre skular vere behov for å setje opp fysiske sperrar. Eigdomsavdelinga sitt kostnadsoverslag berekna dette til 5 mill.kr.

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Ikkje relevant

Regional planstrategi: Ikkje relevant

### **Konklusjon**

Fylkesrådmannen rår til at eit open skule prinsipp der elevane har tilgang til eit avgrensa areal, vert innført gradvis ved inntil 10 skular pr. år. Det vil då vere rom for å ta etableringskostnaden innafor dei ordinære ombyggingsmidlane som er sett av til opplæringssektoren.